

## Hugsar dåke dansane med Musical Enterprise?

25.12.2014

**Det er 2.juledag og då eg var i tenåra, var det fast tradisjon med dans i Helgheim denne dagen. Det var i det store og hele stor aktivitet i ungdomshuset i romjula. 3.juledag var det julefest med alt som hørde til for barna, og 5. juledag var det dei vaksne sin julefest. Nyttårsafta var det fest med program først, deretter matøkt og så dans til langt uti dei små timar til slutt.**

Men la oss mimra litt med Helgheimsdansane sidan 2.juledag var ein av dei store dansedagane i året. Då var det alltid smekkkfullt hus, og sidan mange av dei som var reist ut, feira jula heime, var det ein flott mulighet til å treffa desse.

Elles i året var det og svært ofte dans i ungdomshuset. Stort sett var det laurdagar dette føregjekk, men 2. påskedag var og ein svært populær dansedag. Då fyltest Helgheim med solbrune danseglade ungdommar frå heile kommunen.

Rundt 1970 var det også nokre år med dansar kvar torsdag gjennom heile sommaren. Desse var og svært populære, og eg hugsar at det vart selt både ca. 540 og 477 billetter på slike Helgheimsdansar på 70-talet. Tenk det!! Det høyrest nok mykje ut i dag, men publikumsoppmøtet var slik at var det 200 så var det lite folk.

Danseorkesterer kom helst frå Kvinnherad, resten av Sunnhordland og Bergensregionen, men på sommardansane var dei langt meir langvegsfarande. Heilt frå USA, kom det artistar, og kven hugsar vel ikkje svenske Ragges som var her fleire somrar på rad? Kjente grupper frå Austlandet var her. Frå Trøndelag kom både Liv, Tor og Four Jets og Prudence med Åge Aleksandersen og Terje Tysland. Prudence var her rett nok like før dei slo skikkeleg igjennom, og dommen frå det kresne og lokale publikum var hard: - Altfor høgt! Og bråkete musikk!

Av meir lokale band var Musical Enterprise med frontfiguren Torstein Løning frå Ølve ekstra populære. Dei var usedvanleg ettertrakta av dansearrangørar i heile Kvinnherad, ja på heile Vestlandet. Musikken var topp, og dessutan fekk dei alltid ein spesiell kontakt med publikum. Musical Enterprise har dei siste åra tatt opp att aktiviteten, og vi kan mellom anna følgja dei på facebook-sida deira.

For å avslutte denne mimringa, kan vi høyre nokre låtar med gruppa. Opptaka er frå 1976, og dei er gjort live på bygdahuset på Selbjørn i Austevoll.

Blue Suede Shoes: <https://www.youtube.com/watch?v=LoRoBfOTWWA>

Lindisfarne-låten 39: <https://www.youtube.com/watch?v=Dvm-hmUFQU4>

I tillegg til desse låtane finn de eit godt utval av låtar med Musical Enterprise, i opptak frå 1976, på youtube.com. God mimring folkens!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Musical Enterprise.